



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Kontakt saksbehandlar
Anfinn Rosnes, 51 56 89 80

Oppdatering nasjonal jordvernstrategi - innspel frå Statsforvalteren i Rogaland

Vi viser til invitasjon til å komme med innspel til arbeidet med oppdatert jordvernstrategi. Innleiingsvis vil vi framheve behovet for å oppdatere den nasjonale strategien, i eit tid der eiga matforsyning stadig blir eit meir sentralt tema. Det har aktualisert seg enda tydelegare globale utfordringar dei to siste åra, som faktisk også har blitt nasjonale utfordringar (krig, kamp om ressursar, klima- og naturkrise, energi- og gjødselpris).

Det er viktig at ny strategi gir tydelege føringar til kommunane, der det meste av arealdisponeringar blir avgjort. Sett frå Rogaland er det ekstra viktig med tydelege nasjonale føringar.

Jordvern er også næringspolitikk

Landbruket er ei viktig næring når det gjeld verdiskaping og sysselsetting, noko som i for liten grad får merksemd i arealpolitikken. Jorda er den viktigaste innsatsfaktor for dette, og det bør kome meir fram av oppdatert jordvernstrategi.

Samferdsel gir mest tap av jord

Det må kome fram av faktagrunnlag kva arealføremål som gir mest tap av jord, og at dette i aukande grad er samferdsselføremål. Vår vurdering er at diskusjonen om standard på nye motorvegar er eit resultat av auka fokus på jordvern, samt tap av natur, karbonrike areal og biologisk mangfald. Standard og behov for større veganlegg er eit tema som også bør kome fram av oppdatert jordvernstrategi.

Store arealreservar i godkjende planar

Ny kunnskap om arealreservar i godkjende kommunale planar må også kome fram av faktagrunnlaget. I [rapport frå SSB](#) frå januar 2022 kjem det fram at det er 83 000 dekar jordbruksareal godkjent til bustad- og næringsføremål i kommunane i landet som ennå ikkje er bygd ut. Det har, m.a. i samband med revisjon av kommuneplanar, vist seg at det er store arealreservar også i Rogaland, og at ein del areal difor bør takst ut som byggeområde. Det er



eksempelvis dokumentert at det er heile 23 000 dekar dyrka jord i arealreserve tenkt til utbygging i dei 10 kommunane innanfor planområdet for Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke. I summen inngår også aktuelt areal for utbygging som er på «byggesida» av langsiktig grense, om lag 4 500 dekar, som i dag er LNF-område. Det viser seg nå, over 20 år etter at langsiktig grense blei vedteken, at det ikkje blir aktuelt å ta i bruk alt dette. I ettertid er det dokumentert at det er langt større potensiale i godkjente byggeområde enn det som ble lagt til grunn den gangen, og veksten er også klart mindre. Vi ser nå at fleire kommunar tek ut godkjende byggeområde i samband med revisjon av kommuneplanen, eksemplis Klepp, Sandnes og Stavanger. Det er positivt å sjå auka merksemd, både administrativt og politisk, kring det å ta ut byggeområde på dyrka jord.

Det må krevjast at kommunane legg fram arealrekneskap ved revisjon av kommuneplan, og at det er grunnlag for motsegn til nye område om det er tilstrekkeleg reservar i plan. Strategien bør også gi grunnlag for motsegn til tidlegare godkjende byggeområde når kommunen sitt eige rekneskap viser at det er «for store» arealreservar, som opplyst i brev frå LMD og KDD i mars 2022. Dette må også kunne gjeld eldre regulerte område

Det er elles viktig at det blir meir fokus på arealføremål og utnytting. Korleis vi bygg er faktisk viktigare enn kor vi bygg. Det ligg eit stort potensiale i byggesonen, og det er viktig at kommunane brukar alle aktuelle verktøy for å realisere dette.

Jordvernstrategi for Rogaland som døme

Fylkestinget i Rogaland vedtok [Regional jordvernstrategi](#) juni 2019, med regionalt mål om årleg omdisponering på maksimalt 400 dekar. Målet er sett ut frå at Rogaland har 10 % av den dyrka jorda i landet, og den gang var det nasjonale målet 4000 dekar. Det er lagt opp til skjerping av regionalt mål i tråd med nytt nasjonalt mål. Her er ein del tiltak som kan vere aktuelle også på nasjonalt nivå, eksemplis dette med forpliktande regionale planar. Det er også lagt til grunn at det ikkje skal planleggast for parkering på bakkeplan ved omdisponering av dyrka jord.

Landbruket si eiga nedbygging må meir i fokus

Det er dokumentert at landbruket sjølv står for ein vesentleg del av tapet av dyrka jord. Vi er merksame på at det kan vere krevjande å bygge ny driftsbygning utan tap av jord, men kommunane må utfordre meir når det gjeld plassering av bygg og utnytting av tun. Dette gjeld m.a. det å stille vilkår om riving av eldre driftsbygningar. Tap av jord internt i næringa må elles komme fram av årleg nasjonal oversikt over omdisponert areal. Det må inngå i dagens rapportering gjennom KOSTRA, eller gjennom bruk av nytt rapporteringssystem.

Nydyrking ikkje ei løysing

Erfaringa frå Rogaland er at det er krevjande å erstatte tapt jord ved å nydyrke. Ofte er det den beste jorda som går tapt, og det er lite areal som er aktuelt nydyrking i de beste klimasoner. Her er normalt verdiar knyta til natur- og biomangfald som blir utfordra. Det gjeld også om det er aktuelt å flytte matjord for å skaffe nytt jordbruksareal. Flytting av matjord er mest aktuelt i form av jordforbetring.

Ventar skjerpa jordvernmål

Eit skjerpa jordvernmål ligg til grunn for arbeidet med ny strategi, det er slik sett venta at det blir strengare enn dei 3000 dekar som gjeld i dag. Vi rår til at det nasjonale måltallet blir 2000 dekar, slik det kjem fram av Hurdal-plattformen.



Eit langsiktig fokus på jordvern nasjonalt og regionalt viser seg å gi resultat, og vi ser fram til oppdatert strategi i vårt viktige arbeid med jordvern i ein landbruks- og pressregion.

Med helsing

Geir Skadberg (e.f.)
landbruksdirektør

Anfinn Rosnes
ass landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130

4001

Stavanger